

Bjørn Kåre Odde fiddle, viola

Ole Nilssen accordion



EDGE

works by Sommero, Bjørset and Plagge

Henning Sommerro: Three pieces for violin and accordion

Henning Sommerro er kjend for å ha arbeidd med mange stilartar og mange sjangrar, og i fleire av verka hans har folkemusikken vore ei tydeleg inspirasjonskjelde. Ikke sjeldan er vi vitne til korleis han vrir og vender på det kjende, og han inviterer musikarane, så vel som lyttarane, med på ein lunefull leik med assosiasjonar.

Denne gongen har han verkeleg forsynt seg av det nordmørske kjøkken: Vi serverer «Koteletter, pøls og steik!»

Synnøve S. Bjørset: Isolation. Conscience

I boka «Innsirkling» gjer forfattaren Carl Frode Tiller inngåande skildringar av romankarakterane sin indre monolog. Han skapar heilt unike stemningsbilete der særleg den gnagande kjensla av därleg samvett til å ta og kjenne på.

Klangen av denne indre uroa var noko av det Bjørset søkte å formidle då ho laga «Innsirkling. Samvett».

Wolfgang Plagge: Aspects

Wolfgang Plagge si verksliste spenner frå liturgisk musikk til symfoniske verk. Midt i dette spennet finn vi verket «Aspects» som han har skrive spesielt til oss.

Myndig leik, melodiske tema i skarp duell, uforløyste harmoniar – den første satsen etterlet oss halvt hengande i lufta.

Sakte driv vi langs linene og frasene utan ende. Sol går ned i andre sats. Vi lener oss langsamt tilbake.

I tredje sats får vakker melankoli utfalde seg. Inspirert av ei folketone frå Valdres.

Ole Nilssen

Trekkspelet er eit instrument med mange fasettar, og i hendene til Ole spelar det rolla som «vovet» soloinstrument så vel som audmjukt samspelsinstrument. Slåttespråket slår like gjerne følge med Prøysen som med Paganini.

I Ole sin familietradisjon står dansemusikken frå Løten og flatbygdene på Hedmarken sentralt. Der har norsk bondekultur møtt europeisk overklasse i over 200 år. Ole er der impulsane møter tradisjonen.

– Det fine med å spele ny musikk, er at det ikkje finst ein fasit.

Det finst ingen gamle opptak med gamle meistrar du kan herme etter. Difor leikar vi.

Og i denne leiken oppstår det utruleg mykje spontant som i veldig stor grad er med på å prege musikken.





Bjørn Kåre Odde

Ein multikunstnar kan ofte litt om mykje, men ikkje mykje om noko. Bjørn Kåre er ein anna type multikunstnar; ein som har brukt mesteparten av si vakne tid på å verkeleg fordjupe seg i musikk frå fleire sjangrar, og som søker å ta med seg det beste inn i sitt eige uttrykk.

Likevel er det folkemusikktradisjonane frå Gudbrandsdalen og heimbygda Garmo som står han nærist. Han har ein djup kjærleik til, og inngåande forståing av slåttespråket, og han kjenner seg difor fri til å vere uredd og innovativ på folkemusikken sine vegne.

– Slåttespråket er eit anker i alt eg gjer. Men kvalitetane i det tradisjonelle kan like gjerne fungere i eit moderne landskap, og det ligg ei veldig utfordring i dette å skulle kombinere tradisjonshandverket med moderne komposisjonsuttrykk. Vi har kasta oss ut i det ukjende. Og det kjennast godt!

A close-up photograph showing a person's hand holding a piece of paper with handwritten lyrics. The lyrics include "TIL DU", "DU", and "DU". To the right of the hand is a white ceramic mug filled with dark coffee. The background is a light-colored surface with some faint markings.

Plata er spelt inn hjå Hallibakken Lydstudio i februar 2018.

Opptak, miks og mastering: Tor Magne Hallibakken

Grafisk design: Eva Karlsson

Foto: Cathrine Dokken

Språkvask: Synnøve S. Bjørset

bjorn.k.odde@gmail.com


mail@olenilssen.com

www.duoaspects.com

Takk til:

Tor Magne Hallibakken, Leveld kunstnartun, Ingunn Stræte Lie, Jo Asgeir Lie, Cathrine Dokken, Sara-Jane Summers – og ikkje minst takk til Henning Sommerro, Synnøve S. Bjørset og Wolfgang Plagge.

Utgjevinga er støtta av Norsk Kulturråd og MFOs vederlagsfond.



- 1 **Sommero:** «Three pieces for violin and accordion», I. Chops 2:44
- 2 **Sommero:** «Three pieces for violin and accordion», II. Sausages 2:44
- 3 **Sommero:** «Three pieces for violin and accordion», III. Steak 1:55
- 4 **Bjørset:** «Isolation. Conscience» 5:37
- 5 **Plagge:** «Aspects», I. Moderato e Allegro 3:52
- 6 **Plagge:** «Aspects», II. Lento 6:38
- 7 **Plagge:** «Aspects», III. Adagio 5:49